



FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL

Kommunebilde utdrag/kortversjon

# Molde kommune

---

*Eit grunnlagsdokument for dialog mellom Molde kommune og Fylkesmannen i  
Møre og Romsdal*

v. 28.02.2013

## Innhald

Kap. 1 – Innleiing .....	3
1.1 Om innhald/struktur i dokumentet.....	3
1.2 Kort om fylkesmannens rolle og funksjon, med søkelys på dialog og samarbeid med kommunane .....	4
1.3 Forankring i strategiplanen for FMRR og i embetsoppdraget .....	5
1.4 Om Fylkesmannen sine overordna prioriteringar og satsingar på tvers av fagavdelingane .....	6
Kap. 2 – Regional og kommunal samfunnsutvikling - plansamordning .....	8
2.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet .....	8
2.2 Kommuneplanlegging som politisk og administrativt styringsverktøy .....	14
2.3 Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak: .....	17
Kap. 3 – Kommunal og beredskap.....	18
3.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet .....	18
3.2 Økonomi og økonomistyring .....	18
3.3 Samfunnstryggleik og beredskap .....	21
3.4 Interkommunalt samarbeid.....	23
3.5 Klagesaker etter plan- og bygningslova.....	23
3.6 Verjemål .....	25
3.7 Kort oppsummering av fagområde med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak:.....	26
Vedlegg.....	27

### Lenker til

- Statistikk
- Tabellar/figurar/kart
- Planar/dokument m.m.
- Tilsynskalender

# Kap. 1 – Innleiing

## 1.1 Om innhald/struktur i dokumentet

Dette dokumentet vil inngå som eit viktig grunnlag for nærare samarbeid og dialog mellom fylkesmannen og kommunen. Målet med dokumentet er at kommunen og fylkesmannen saman kan ha dialog om ulike utfordringar og korleis ein saman kan kome fram til betre løysingar for innbyggjarane i Møre og Romsdal

Kommunebildet vil saman med kommunestatistikk og andre aktuelle grunnlagsdokument vere eit naturleg utgangspunkt for fylkesmannens opplegg for samordna kommunebesøk i den aktuelle kommunen. Dokumentet vil bli oppdatert/revidert i samband med dette.

Innhaldsmessig rettar dokumentet søkelys mot følgjande tema:

- Regional og kommunal samfunnsutvikling - plansamordning
- Kommunal og beredskap

Tema/kapittelinnending avspeglar i hovudsak strukturen i fagavdelingane hos fylkesmannen. For kvart tema blir presentasjonen bygd opp rundt tre hovudpunkt:

- **Fylkesmannen sine fokusområde**
  - omfattar relevante og konkrete forhold for gjeldende kommune med utgangspunkt i statlege forventningar og politikk, samt Fylkesmannens kjennskap til kommunen
- **Fylkesmannen sitt bilde av kommunen**
  - omfattar ei kort oppsummering av kommunens status i forhold til Fylkesmannens fokusområde og eventuelle andre relevante forhold
- **Dialogpunkt**
  - omfattar forhold der Fylkesmannen ønskjer ein dialog med kommunen

Avslutningsvis i dokumentet er det lagt opp til ei kort oppsummering med søkelys på vidare dialog og samarbeid mellom fylkesmann og kommune, gjerne på tvers av tema og fagområde.

Som vedlegg til dokumentet er det m.a. tatt med aktuelle lenker til:

- Statistikk
- Tabellar/figurar/kart
- Planar/dokument m.m.

Det er viktig å understreke at kommunebildet frå fylkesmannen si side ikkje er meint som eit uttømande bilde av kommunen, men at dokumentet rettar søkelyset mot forhold der kommunen har eit handlingsrom eller utviklingspotensial som det er viktig å ha dialog om. Dokumentet er meint å gi ei rask, samla oversikt over ulike utfordringar kommunen har. Dei ulike punkta kan elles i ulik grad vere kvalitetssikra, og vil heller ikkje representere ein fasit eller objektivt syn på situasjonen i kommunen.

Oversikt over nye og endra statlege styringssignal retta mot kommunane er tilgjengeleg på fylkesmannens heimeside <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/> Møre og Romsdal fylkeskommune har utarbeidd ein “statistikkpakke” til kvar kommune med tilrettelagt informasjon om utvalte utviklingstrekk for kvar kommune i fylket, og spesielt utvikla med tanke på kommunane sitt planarbeid: <http://mrfylke.no/kommunestatistikk>

Fylkesstatistikk for Møre og Romsdal, RISS og TEMP er andre publikasjonar frå fylkeskommunen som kan vere tenleg som kunnskapsgrunnlag til planarbeidet.

## **1.2 Kort om fylkesmannens rolle og funksjon, med søkelys på dialog og samarbeid med kommunane**

Fylkesmannen er Kongen og Regjeringa sin fremste representant i fylket og utfører mange og svært allsidige forvaltningsoppgåver for staten (dei ulike departementa).

### **Oppgåvene er grovt sett tredelte:**

- å setje i verk Regjeringa/Stortinget sin politikk ute i kommunane/fylkeskommunen
- å samordne staten sin politikk/verksemd mot kommunane
- å passe på at innbyggjarane får den rettstryggleiken dei har krav på

Fylkesmannen har både reine fagoppgåver (for fagdepartement /direktorat) og meir generelle/samordna statsoppgåver. Alle oppgåvene er i det vesentlege retta mot kommunane i fylket:

- formidling av statlege styringssignal
- fordeling av statlege tilskottsordningar
- klagesaksbehandling over kommunale og fylkeskomm. vedtak etter div. særlover
- tilsyn etter div. særlover

Fylkesmannen har oppgåver innanfor fleire fag- og forvaltningsområde

- miljø
- landbruk
- oppvekst og utdanning
- helse og sosial
- planlegging og byggesak
- kommunal organisering og tenesteyting

Fylkesmannsinstruksen har meir om oppgåvene til embetet

<http://www.regjeringen.no/nn/dep/fad/dokument/proposisjonar-og-meldingar/Odelstingsproposisjonar/20002001/otprp-nr-84-2000-2001-.html?id=123802>


### 1.3 Forankring i strategiplanen for FMMR og i embetsoppdraget

Lodve Solholm er fylkesmann i Møre og Romsdal frå 01.10.2009. Fylkesmannsembetet i Møre og Romsdal har ca 130 tilsette er lokalisert i Fylkeshuset i Molde. Embetet er organisert i fem fagavdelingar og ei stabseining.

**Dei fem fagavdelingane er:**

- kommunal- og beredskapsavdelinga
- helse- og sosialavdelinga
- landbruksavdelinga
- miljøvernavdelinga
- oppvekst- og utdanningsavdelinga

### Organisasjonskart



## Strategiplan 2012-2016

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har vedtatt ein eigen *Strategisk plan 2012 – 2016*; sjå

<http://fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=59276&amid=3599318>

Strategiplanen er ei felles plattform som viser retning for arbeidet i planperioden. Planen skal ligge til grunn for det daglege arbeidet og verksemdplanar i avdelingane. Strategiplanen kan òg tene som nyttig informasjon til brukarar og samarbeidspartar, og vil vere ei viktig plattform i arbeidet med dei kommunevise kommunebilda.

Strategiplanen tar utgangspunkt i følgjande verdiar og visjonar:

- **Verdiar:** Rettferdig, Kompetent, Open og engasjert
- **Visjon:** Trygg framtid for folk og natur

Planen rettar vidare søkelys mot følgjande tre hovudmål:

- **Setje i verk statleg politikk** – omfattar formidling og iverksetting av statleg politikk og forventningar til kommunane på tvers av alle politikkområde.
- **Samordning** - omfattar samordning av statleg og kommunal forvaltning og medverknad til samarbeid mellom regionale statsetatar og andre regionale aktørar.
- **Rettstryggleik** – omfattar fremjing av rettstryggleik for einskildmenneske og fellesskap, med vekt på likeverd.

Embetsoppdraget er ei oversikt over Fylkesmannens totale oppgåveportefølje fordelt på dei ulike departementa; sjå <http://www.fylkesmannen.no/hovedEnkel.aspx?m=69600>

### 1.4 Om Fylkesmannen sine overordna prioriteringar og satsingar på tvers av fagavdelingane

Fylkesmannsinstruksen slår m.a. fast at Fylkesmannen skal:

- medverke til samordning, forenkling og effektivisering av den statlege verksemda i fylket
- arbeide for best muleg samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og den lokale statsforvaltninga
- bistå statlege etatar med behandlinga av spørsmål som blir tatt opp med kommunane eller fylkeskommunen

Fylkesmannens samordningsansvar gjeld tverrsektoriell samordning av statlege styringssignal retta mot kommunesektoren, og omfattar samordning mellom sektorar og mellom forvaltningsnivå.

Samordningsansvaret gjeld også i forhold til statlege etatar i fylket som er plassert utanfor fylkesmannsembetet, og som har eit oppfølgingsansvar overfor kommunesektoren

Det er ein føresetnad at fylkesmannsembetet i sin kontakt med kommunane opptrer samordna, det vil seie at embetet skal framstå som ei samla eining på tvers av fagavdelingane.

Som eit ledd i dette vil det vere behov for ulike typar samordning:

- Gjennom fagleg samordning skal Fylkesmannen samordne enkeltsektorar og søke løysingar som kan ligge i skjeringspunktet mellom ulike sektorinteresser
- Gjennom kommunesamordning blir styringssignal samordna for å sikre lokalt handlingsrom og samsvar mellom oppgåver og økonomisk rammer

Fylkesmannen sin kommuneretta samordningaktivitet er forankra i statens overordna mål for styring av kommunesektoren; jf. omgrepa rammestyling og lokal handlefrihet.

Kommunen skal fungere i spenningsfeltet mellom lokalsamfunnets behov for å styre egen utvikling og statens behov for å implementere nasjonal politikk på lokalt nivå og med lokal medverknad. Kommunen skal altså kunne ivareta både ein sjølvstyrefunksjon og ein forvaltningsfunksjon. Kommunen sine muligheter til å gjere lokale politiske prioriteringar er eit sentralt mål for fylkesmannens samordningsverksemd. Den kommunale handlefridomen skal også sikrast ved at summen av oppgåvene den enkelte kommune blir pålagt ikkje skal overstige ressursane.

Det er særleg viktig at mål og prinsipp for kommuneretta samordning blir lagt til grunn i samband med Fylkesmannens verksemd på følgjande tema-/saksområde – og også i forhold til koplingar mellom desse:

- samordning av enkeltsaker
- kommunal økonomi
- tildeling av skjønstilskot
- medverknad til kommunal planlegging
- kommunale organisasjonsspørsmål
- omstilling i kommunane

## Kap. 2 – Regional og kommunal samfunnsutvikling - plansamordning

### **2.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet**

*Med utgangspunkt i viktige regionale og kommunale utviklingstrekk blir søkelyset i det følgjande retta mot kommunen si rolle som samfunnsutviklar og som tenesteleverandør. Kommunal planlegging vil i tråd med dette vere eit viktig utviklings- og styringsverktøy.*

*Fylkesmannen har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova (pbl). Ei viktig oppgåve i planprosessar er å formidle nasjonal politikk innanfor viktige fagområde, der arealpolitikk og miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. Fylkesmannen skal sjå til at nasjonale og regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet, og elles også sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk. Vidare har Fylkesmannen ansvar for behandling av klager på kommunale vedtak i plan- og byggesaker etter lova. Fylkesmannen har og rolle som meklar i plansaker der det ligg føre motsegn.*

Dei 36 kommunane i Møre og Romsdal viser stor variasjonsbreidde i forhold til demografi og busettingsmønster, næringsliv og økonomi, natur- og ressursgrunnlag, transport og samferdsel; sosiale og kulturelle forhold osv. Fylkesstatistikken for Møre og Romsdal gjer nærare greie for status og utviklingstrekk på viktige samfunnsområde; sjå <http://epub.ekh.no/2011/37545>

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for utarbeiding av Regional planstrategi 2012 – 2016; sjå <https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regional-planstrategi/Regional-planstrategi-2012-2016>

Planstrategien gjer greie for viktige utviklingstrekk og hovudutfordringar i fylket. Planstrategien inneheld dessutan eit oversyn over korleis dei prioriterte planoppgåvene skal følgjast opp vidare. Føremålet med den regionale planstrategien er å avklare kva som er Møre og Romsdal sine viktigaste utfordringar og moglegheiter, samt prioritere viktige område for regional samhandling og planlegging i perioden 2012-2016. Planstrategien skal også ivareta nasjonale forventningar og prioriteringar.

Ei viktig utfordring knytt til arbeidet med regional planstrategi er å legge til rette for eit tettare samarbeid mellom Fylkesmannen, regional statsforvaltning og fylkeskommunen om regional planlegging. Det kan også inngå som eit meir forpliktande styringsverktøy for å sjå utfordringar i fylket på tvers av kommunegrensar, forvaltningsnivå og sektorar. Vidare kan viktige satsingsområde og prioriteringar nedfelt i den regionale planstrategien vere med å opne opp for regionale tilpassingar knytt til Fylkesmannens embetsoppdrag.

Viktig informasjon om Møre og Romsdal er samla i Fylkesstatistikk 2012, og vil kunne inngå som eit viktig arbeidsverktøy for kommunane, næringslivet og andre som har behov for oppdatert statistikk i sitt arbeid; sjå <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Fylkesstatistikk>



### *Generell informasjon Molde kommune:*

- Besøksadresse: Rådhuset, Rådhusplassen 1, Molde
- Postadresse: Rådhusplassen 1, 6413 Molde kommune
- E-post: [postmottak@molde.kommune.no](mailto:postmottak@molde.kommune.no)
- Telefon: 71 11 10 00
- Kommunens heimeside: <http://www.molde.kommune.no>

### ***Kommunen som samfunn***

Molde kommune er både ei by- og landkommune med eit landareal på 362 km<sup>2</sup>. Kommunen hadde pr. 01.01.2012 **25.488** innbyggjarar. Av desse bur om lag 80 % i Molde by. Nabokommunar til Molde er: Fræna, Gjemnes, Eide, Rauma, Midsund, Aukra, Vestnes, Sandøy og Nesset.

Molde kommune har varierte arbeidsplassar innan industri, handel, privat og offentlig tenesteyting. Som regionalt senter og vert for fylkesadministrasjonen står næringar som handel og privat- og offentlig tenesteyting sterkt i kommunen.

Molde blir ofte peika på som eit naturleg geografisk sentrum i Møre og Romsdal med gode kommunikasjonar: Til Molde lufthavn Årø: 6 km. Hurtigbåtrute til Vestnes og Ålesund. Ferje til Vestnes, Åfarnes (Rauma) og til Aukra og Midsund kommunar. Det er kort avstand og gode samband med tog mot Austlandet frå Åndalsnes. Reisetid med bil til Ålesund er om lag 1,5 timar , og til Kristiansund vel ein time.

Timeekspresen mellom Volda i sør og Kristiansund i nord har avgang kvar time på dagtid. Molde er anløpshamn for Hurtigruta og har elles stort innslag av cruicebåtanløp i sommarhalvåret.

Molde har elles eit breidt tilbod knytt til vidaregåande og høgare utdanning. Romsdal v.g. skole og Molde v.g. skole har til saman om lag 1400 elevar. Høgskulen i Molde med om lag 1500 studentar har utdanningstilbod både på bachelor-, master og dr.gradsnivå. Møreforskning og Molde kunnskapspark representerer viktige kunnskaps- og kompetansmiljø.


For meir informasjon av kommunen som samfunn; sjå

<https://www.molde.kommune.no/Modules/theme.aspx?ObjectType=Article&ElementID=1118&Category.ID=1810>

## *Kommunen som organisasjon*

### *Politisk organisering*

Kommunestyret i Molde har 47 representantar. I tillegg til Kontrollutvalet og Formannskapet er det etablert eit Drifts- og forvaltningsutval og eit Plan- og utviklingsutval, kvart med 11 representantar.



### *Administrativ organisering*

Den administrative kommuneleiinga i Molde er samansett av rådmann og to kommunalsjefar; éin for drift og forvaltning, og éin for plan og utvikling.

Administrativ organisering:

<b>Rådmann</b>	
<a href="#">Arne Sverre Dahl</a>	
<b>Kommunalsjefer</b>	
<a href="#">Drift og forvaltning</a> <a href="#">Magne Orten</a>	<a href="#">Plan og utvikling</a> <a href="#">Eirik Heggemsnes</a>
<b>Staber</b>	
<a href="#">Drift og forvaltning</a> <a href="#">Magne Orten</a>	<a href="#">Plan og utvikling</a> <a href="#">Eirik Heggemsnes</a>
<a href="#">Økonomi</a> <a href="#">Kurt Magne Thrana</a>	<a href="#">Personal og organisasjon</a> <a href="#">Mette Jane Holand</a>
<a href="#">Informasjon og service</a> <a href="#">Hilde Johansen</a>	

<b>Resultatenheter</b>		
	<b>Pleie- og omsorgsenheter</b>	<b>Skoler</b>
<a href="#">Barnevernstjenesten for Molde, Aukra og Midsund</a>  Tone Haukebø Silseth	<a href="#">Bergmo omsorgssenter</a> <a href="#">Hilde Oppigård</a>	<a href="#">Bekkevoll u.skole</a> <a href="#">Sissel Nerland</a>
<a href="#">Brann og redning</a> <a href="#">Alf Magne Smørholm</a>	<a href="#">Glomstua omsorgssenter</a> <a href="#">Corinna Stene</a>	<a href="#">Bergmo u.skole</a> <a href="#">Frank O. Sæther</a>
<a href="#">Byggesak og geodata</a> <a href="#">Mona Aagard-Nilsen</a>	<a href="#">Kirkebakken omsorgssenter</a> <a href="#">Siri Haukaas</a>	<a href="#">Bolsøya skole</a> <a href="#">Rannveig Sollid</a>
<a href="#">Helsetjenesten</a> <a href="#">Henning Fosse</a>	<a href="#">Kleive omsorgssenter</a> <a href="#">Tanja Thalen</a>	<a href="#">Kleive oppvekstsenter</a> <a href="#">Ellen Bergh</a>
<a href="#">Molde kulturskole</a> <a href="#">Ingvild Aas</a>	<a href="#">Røbekk omsorgssenter</a> <a href="#">Kristin Eidem</a>	<a href="#">Kvam skole</a> <a href="#">Kristin Vee</a>
<a href="#">Kulturtenesten</a> <a href="#">Jan Olav Szontheimer</a>	<a href="#">Skåla omsorgssenter</a> <a href="#">Tanja Thalen</a>	<a href="#">Kviltorp skole</a> <a href="#">Liv Brakstad</a>
<a href="#">Molde asylmottak</a>  <a href="#">Morten Myking</a>	<b>Barnehager</b>	<a href="#">Langmyra skole</a> <a href="#">Margaret Sivertsen Mørk</a>
<a href="#">Molde bydrift</a>	<a href="#">Hatlelia og Barnas Hus</a> <a href="#">May Britt Raknes</a>	<a href="#">Nordbyen skole</a> <a href="#">Marianne Oma</a>
<a href="#">Molde voksenoppl.s</a> <a href="#">Borghild Drejer</a>	<a href="#">Haglegda og Øvre Bergmo barnehager</a> <a href="#">Greta Kristiansen</a>	<a href="#">Sekken oppvekstsenter</a> <a href="#">Vigdis Nordgard</a>
<a href="#">NAV Molde</a> <a href="#">Anne Jorunn Vågen</a>	<a href="#">Hjelset barnehage</a> <a href="#">Liv Irene Vestvold</a>	<a href="#">Sellanrå skole</a> <a href="#">Kjell Petter Stene</a>
<a href="#">Ressurstjenesten</a> <a href="#">Inge Baadnes</a>	<a href="#">Kvam og St. Sunniva barnehager</a> <a href="#">Mari L. Johannessen</a>	<a href="#">Skjevik bu-skole</a> <a href="#">Inger Lise Eidhammer</a>
<a href="#">Tiltak funksjonsh.</a> <a href="#">Bente Hegdal</a>	<a href="#">Langmyra og Banehaugen barnehager</a> <a href="#">Ellen Lyngvær Hjelset</a> <a href="#">Lillekollen barnehage</a> <a href="#">Kristine Klock</a>	<a href="#">Vågsetra bu-skole</a> <a href="#">Terje Røvik</a>

<b>Kommunale foretak</b>	<b>Interkommunale selskap</b>	<b>Andre virksomheter</b>
<a href="#">Moldebadet</a> <a href="#">Eva Kristin Ødegård</a>	<a href="#">RIR</a> <a href="#">Jan Egil Korseberg</a>	<a href="#">Molde Kino AS</a> <a href="#">Geir Hammerø</a>
<a href="#">Molde Eiendom</a> <a href="#">Bård A. Midsund</a>	<a href="#">Revisjon</a> <a href="#">Sigmund Harneshaug</a>	<a href="#">Romsdal Parkering AS</a> <a href="#">Lisbeth Brekstad</a>
<a href="#">Molde Utleieboliger</a> <a href="#">Torstein Fuglseth</a>	<a href="#">Tøndergård skole og ressurscenter</a> <a href="#">Eli Bakke</a>	Gotfred Lies Plass 1 AS Jan P. Hammerø
<a href="#">Molde Vann og Avløp</a> <a href="#">Bjarte Koppen</a>	<a href="#">Gass ROR</a>	<a href="#">Kirkelig fellesråd</a> <a href="#">Hans Jakob Nes</a>
	<a href="#">Krisesenteret for Molde og omegn IKS</a>	
	<a href="#">Molde og Romsdal Havn</a>	
	<a href="#">IKA Møre og Romsdal</a>	

*Politisk leiing:*

ordfører: Torgeir Dahl

Telefon: 71 11 11 01

Mobil: 90 85 07 95

varaordfører: Frøydis Austigård; Venstre

Telefon: 71 11 11 15

Mobil: 91 30 32 33

***Gruppeleiarar i Molde kommunestyre:***

**H** Gerd Marit Langøy gerd.marit.langoy@smn.no

**AP** Frank Ove Sæther frank-o.saether@molde.kommune.no

**V** Olbjørn Kvernberg olbjorn@geodata.no

**FRP** Margareth H. Berg margarethberg@live.no

**KRF** Torgunn J. Nerland torgunn.nerland@gmail.com

**SP** Gerda Tolaas gerda.tolaas@molde.kommune.no

**SV** Inger Mette Hogstad inmho@mattilsynet.no

***Administrativ leiing:***

Rådmann: Arne Sverre Dal

Kommunalsjef Drift- og forvaltning: Magne Orten

Kommunalsjef Plan og utvikling: Eirik Heggemsnes

***Kommunestyret (samansetting 2011 – 2015):***

- H: 17 repr
- Ap: 9 repr
- V: 6 repr
- Frp: 5 repr
- Kr.f: 4 repr
- Sp: 3 repr
- SV: 3 repr

### *Kommunestatistikk*

- Innbyggertal: 25488 (pr. 01.01.2012)
- Befolkningsvekst: + 1,6%

### *Utdrag frå Fylkesstatistikken 2012*

Gjennomsnittsalder i Molde kommune ligg om lag på snittet for Møre og Romsdal samla.

Aldersgruppa 70+ utgjer 11,1% av det samla folketallet i kommunen; jf. 11,7 for fylket samla.

Kommunen plasserer seg om lag på fylkesgjennomsnittet i forhold til andel innvandrere (7,7% mot 7,9 for fylket samla)

Forholdet mellom kvinner og menn i aldersgruppa 20 – 39 år viser at Molde har relativt sett eit underskot av kvinner; og noko under gjennomsnittet for fylket samla.

Nærings- og sysselsettingsstatistikken viser m.a. at Molde ligg over fylkesgjennomsnittet for Teknisk tenesteyting og eigedomsdrift, Offentleg administrasjon og Personleg tenesteyting.

Pendling i forhold til sysselsetting viser at innpendlinga utgjer 31,5% og utpendlinga 15,1%. Dette plasserer kommunen høgst på statistikken for innpendling og lavt på utpendling i forhold til dei andre kommunane i fylket.

## 2.2 Kommuneplanlegging som politisk og administrativt styringsverktøy

*Den kommunale planlegginga skal etter plan- og bygningslova samordne både den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga. Kommunal planlegging er i lys av dette eit viktig verktøy for utvikling og styring både av kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon.*

### **Regional og kommunal planstrategi**

Regional og kommunal planstrategi er innført som nye verktøy i plan- og bygningslova (pbl 2008). I samsvar med pbl § 10-1 skal er kommunane pålagt å utarbeide ein kommunal planstrategi i kvar kommunestyreperiode, og seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyret. Formålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Fylkestinget skal i løpet av den same perioden vedta ein regional planstrategi som skal avklare dei regionale planbehova. Fylkeskommunen bør i samarbeid med kommunane her legge opp til eit opplegg som sikrar samordning. Arbeidet med den kommunale planstrategien vil også kunne rette søkelys mot ei nærare drøfting og avklaring av behovet for interkommunalt samarbeid.

### **Nasjonale forventningar**

Viktige føringar for arbeidet med regional og kommunal planstrategi er forankra i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedtatt av regjeringa 24.06.2011 <http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/veiledninger/2011/nasjonale-forventninger-til-regional-og-.html?id=649923> Forventningsdokumentet omfattar seks hovudtema:

- Klima og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskapning og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

### **Fylkesmannen sine fokusområde**

- Kommunal planlegging som verktøy og rammeverk
  - Kommuneplansystemet etter plan- og bygningslova
  - Nasjonale og regionale føringar
  - Kommunal planstrategi
  - Kommuneplan med samfunnsdel og arealdel
  -
- Aktuelle temaområde for høyringsuttale frå fylkesmannen i kommunale plansaker
  - Planfaglege merknader; prosess og produkt
  - Natur- og miljøvern; landskap, friluftsliv, strandsone, viltinteresser, vegetasjon...
  - Landbruk; jordvern, skogbruk, aktivt landbruk...
  - Samfunnstryggleik; ROS-analyse...

- Barn og unge; Oppvekstmiljø, leikeplassar, trafikksikring...
- Universell utforming; tilrettelegging, inkludering, deltaking...
- Folkehelse; levekår, nærmiljø...
- 
- Fylkesmannen har eit særleg ansvar for at nasjonal politikk blir formidla og følgd opp i behandling av kommunale og regionale planar
  - legge auka vekt på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet
  - formidle tidleg og aktivt dei nasjonale forventningane og nasjonal politikk i den regionale og kommunale planlegginga
  -
- Motsegn skal om nødvendig brukast for å sikre at kommunane ikkje vedtar planar i strid med nasjonale og regionale interesser og for å få fram gode løysingar.

### ***Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:***

- Status for gjeldande overordna kommuneplanar i Molde kommune: Kommeplanens samfunnsdel vart vedtatt i 2002, medan arealdelen vart vedtatt i 2010. Kommunen har vedtatt rullering av Kommuneplanens samfunnsdel. Ny Kommuneplan 2012 – 2022 er ei vidareføring av Kommuneplan 2002 - 2010. Kommunen har utarbeidd planprogram for samfunnsdelen av kommuneplanen der det blir gjort nærare greie for formålet med planarbeidet og prosessen som skal leggest til grunn for endeleg kommuneplan
- Som ein del av kommuneplanarbeidet er det utarbeidd eit eige utfordringsdokument. Søkelyset er her retta mot viktige utviklingstrekk og utfordringar for kommunen som samfunn og organisasjon. Gjennom dette har kommunen lagt eit godt og systematisk grunnlag både for vidare arbeid med hovudmål og strategiar knytt til samfunnsdelen av kommuneplanen, og for vurderingar av kommunens samla planbehov som ledd i arbeidet med kommunal planstrategi. Som ein del av utfordringsdokumentet er det elles utarbeidd ein forslag til arealstrategi.
- Kommunen har utarbeidd kommunal planstrategi for perioden 2012 - 2016; jf. Pbl 2008 med innføring om krav om utarbeiding av regionale og kommunale planstrategiar. Arbeidet med planstrategien har vore tett kopla til arbeidet med planprogram for kommuneplanens samfunnsdel.
- Planstrategiarbeidet skal vere forankra i nasjonale rammevilkår
  - Jf. nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging med fokus på utvalde tema 2011 – 2015: Klima og energi, By- og tettstadutvikling, Samferdsel og infrastruktur, Verdiskaping og næringsutvikling, Natur, kulturmiljø og landskap Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø
- Av fylkesmannen sin planstatistikk for 2012 ser vi at planaktiviteten i kommunen samla sett er stor. Kommunen har ei rekke parallelle plansaker på gang – både av

meir overordna karakter og i form av meir tematisk avgrensa planar. Kommunen har i løpet av 2012 hatt 4 kommuneplansaker (av totalt 48 for alle kommunane i fylket) og 40 reguleringsplansaker (av totalt 496) til behandling/høyring hos Fylkesmannen.

- Molde kommune står i 2012 registrert med 17 disp.søknader knytt til arealdelen av kommuneplan (av totalt 508 for alle kommunane i fylket) og 6 disp.søknad til reguleringsplan (av totalt 97)
- Fylkesmannen har i 2012 hatt 2 klager på vedtak i dispensasjonssaker etter pbl. Begge klagene gjeld tiltak i strandsona knytt til naust/flytebrygge.
- Molde kommune har behov for å rullere Markaplanen. Turstiar og utbygging som utfordrar markagrensa treng samla avklaring.
- Sentrumsplanen og Byplanen treng også å reviderast, spesielt med tanke på å få betre styring og retningsliner for fortetting. Fortetting utfordrar ofte friområde i gjeldande planer. Fylkesmannen legg til grunn ei streng linje for omdisponering.
- Store samferdselsprosjekt er under planlegging (Bypakke, Møreaksen). Desse vil få store fysiske konsekvensar, og kommunen må sjå etter løysingar for betre kollektivdekning som alternativ til massiv vegbygging.
- Kommunen må sikre forsvarlege planprosessar for lokalisering av sjukehus i kommunen.
- Molde kommune er her i fylket i den strengaste kategorien i statlege planretningsliner for strandsona. Kommunen har mange dispensasjonssaker, rett nok er mange av desse avdekka etter tilsyn i strandsona. Ros for gjennomføring av tilsyn.

### **Dialogpunkt**

- Fylkesmannen vil vere ein viktig medspelar i kommunale planprosessar. Kommunal planstrategi vil her vere eit nyttig utgangspunkt for vidare dialog og samarbeid rundt kommunale planoppgåver. Dette omfattar m.a. at fylkesmannen skal
  - sikre at nasjonale og regionale mål blir ivaretatt og vere ein pådrivar for at planarbeid innanfor prioriterte tema blir sett i gang
  - medverke i planprosessane og delta i regionalt planforum
  - prioritere å delta i planarbeidet frå ein tidleg fase og varsle om eventuelle konflikter så tidleg som mulig
- Kommunen er i gang med rullering av samfunnsdelen av kommuneplanen; fylkesmannen ønskjer vidare og god tett dialog om dette.



Meir om aktuelle plandokument; jf. kommunens heimeside

Molde kommune har i 2012 utarbeidd Kommunal planstrategi. Planstrategiarbeidet har vore tett kopla til revisjon av arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel. For meir om dette arbeidet; sjå kommunen si heimeside på ; jf.

<https://www.molde.kommune.no/Modules/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=8020&Category.ID=3692>

I samband med dette har kommunen utarbeidd eit eige utfordringsdokument; sjå

[https://www.molde.kommune.no/getfile.aspx/document/epcx\\_id/50/epdd\\_id/4105](https://www.molde.kommune.no/getfile.aspx/document/epcx_id/50/epdd_id/4105)

Fylkesmannen har hatt Planstrategi 2012 – 2016 og Planprogram til K-planen sin samfunnsdel 2013 – 2022 på høyring; jf. Sak 12/4675.

På kommunen sine heimesider fins elles ein grei presentasjon av kommunalt plan- og utviklingsarbeid meir generelt, og med oversikt over kommunale planar som er under arbeid eller som er ferdigstilt; sjå

<https://www.molde.kommune.no/Modules/theme.aspx?Category.ID=1459&ObjectType=Article&ElementID=715>

Dette omfattar m.a. følgjande kommune kommunedelplanar (K-delplan):

- K-delplan for Molde sentrum 1997-2007
- K-delplan for Bolsøya 1996-2006
- K-delplan for Moldemarka 1999-2010
- K-delplan for Molde by 2000-2010.

### **2.3 Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak:**

## Kap. 3 – Kommunal og beredskap

### 3.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet

Kommuneøkonomien generelt står ovanfor fleire utfordringar, til dømes;

- Strammare nasjonal budsjettpolitikk
- Høgare forventningar frå innbyggjarane
- Auka pensjonskostnader
- Venta høgare rentenivå
- Folketalsvekst eller –fråflytting
- Endringar i alderssamansetning
- Utfasing av momskompensasjon frå investeringar til drift

Alle desse faktorane aukar behovet for omstilling og fornying om kommunen skal vere i stand til å produsere tenester til innbyggjarane i same omfang og til same kvalitet som før.

### 3.2 Økonomi og økonomistyring

*Fylkesmannen skal gi kommunane råd og rettleiing i økonomiforvaltninga, mellom anna i høve til regelverk, inntektssystem og statsbudsjettet.*

*Fylkesmannen tildeler kvart år skjønnsmidlar for å kompensere forhold som ikkje vert fanga opp i inntektssystemet. Fylkesmannen tildeler også skjønnsmidlar til omstillings- og fornyingsprosjekt.*

*Fylkesmannen fører kontroll med kommunen sine budsjett, økonomiplan og rekneskap, mellom anna med omsyn til inn- og utmelding av Robek.*

#### **FM sine fokusområde:**

- Økonomisk status
  - Underskot
  - Driftsresultat
  - Finans og lånegjeld
  - Netto driftsresultat og økonomiske buffere
- Økonomisk utvikling
  - Budsjett
  - Økonomiplan

## **FM sitt bilde av kommunen:**

### Underskot

- Regnskapet for 2011 viste at Molde kommune hadde eit meirforbruk/ underskot på 4,6 millionar. Det akkumulerte underskotet vart dekkja inn i rekneskapen for 2012.

### Driftsresultat

- Molde kommune har dei siste åra, isolert sett, hatt til dels sterke brutto driftsresultat. Den underliggjande driftsbalansen må likevel sjåast på som svak. Det høge investeringsnivået har gjort at kommunen har ført som inntekt ein monaleg del av MVA-kompensasjonen frå investeringar.

### Finans og lånegjeld

- Netto lånegjeld har auka gradvis dei siste ti åra. I 2004 var netto lånegjeld på 90,7 pst av brutto driftsinntekter. I 2011 utgjorde netto lånegjeld 116,6 pst. Til samanlikning ligg gjennomsnitt for Norge utan Oslo på 74 pst i 2011.
- Molde kommune sine renter og avdrag utgjorde 7,3 pst av brutto driftsinntekter i 2011.
- Alle kommunar skal i kvar kommunestyreperiode vedta nytt finansreglement og Molde har informert om at dette vil bli gjort i 2013.
- Kommunen har dei siste åra fått utbytte på mellom 7-15 millionar kroner frå Istad Kraft AS. I 2012 fikk dei 5,1 mill. kroner og i 2013 er det også forventa eit utbytte på 5,1 mill kroner.

### Netto driftsresultat og økonomisk buffer

- Det er tilrådd at netto driftsresultat er på minst 3 pst av brutto driftsinntekt over tid for at kommunen si formue skal haldast ved like. Netto driftsresultat er det viktigaste kjenneteiknet på handlingsrommet til kommunen. Dei siste åra har kommunen fallande netto driftsresultat, med 0 pst i 2011 og 3,4 pst i 2010.
- Molde kommune betaler avdrag etter minste lovlege avdragsprinsipp. Kommunen har ikkje nemnande midlar på disposisjonsfondet. Disposisjonsfondet på 10 mill. kroner er nullstilt gjennom budsjettjusteringar gjennom året.

### Budsjett 2013

- Vår vurdering er at den økonomiske situasjonen i kommunen er stram på dei fleste sektorar. Kommune har økonomiske utfordringar der nivået på kostnadene er større enn kva dei jamne inntektene kan dekke.
- Budsjettet for 2013 er vedtatt med omfattande kutt i einingane.
- Kommunen finn ikkje rom til naudsynte avsetningar til bufferfond med tanke på endring i kommunens netto finansutgifter framover. Dette burde ha vore mogleg med det lave rentenivået som er lagt inn som føresetnad i budsjettet.
- På inntektssida er det lagt inn ei auke i eigedomsskatten med oppskrivning av takstane med 10 pst. Skattesatsen haldast uendra på 3,6 promille. Eigedomsskatten i 2013 vil bli på 70,2 mill. kroner.

- Kommunen har ei utfordring med å handtere utgiftene i budsjettet. Særleg gjeld dette innafor helse- og omsorgssektoren.
- Kommune har lagt frem budsjettet for 2013 i balanse etter å ha tatt ned utgiftene med 42,2 mill. kroner.

#### Økonomiplan 2013 til 2016

- Den største utfordringa i tida framover er lånegjelda som har auka til eit nivå det er grunn til å uroe seg over.
- Kommunen ser det likevel som naudsynt med investeringar i økonomiplanperioden.
- Kommunens lånegjeld til investeringar inkludert Molde Eiendom KF (andre kommunale føretak kjem i tillegg), utgjer 1 650 mill. kroner. I perioden 2013-2016 skal det lånast til saman 493,4 mill. kroner til investeringar. Med dei budsjetterte avdraga i same periode, vil kommunen si lånegjeld ved utgangen av 2016 vere på ca. 1 859,1 mill. kroner.
- Kommunen si prognose er at 100,1 mill. kroner vil gå til renter (budsjettert med 2,8 pst) og avdrag i 2013. Dette omfattar omlag 7,3 pst av de frie inntektene.

#### ***Dialogpunkt***

- Korleis opplever kommunen utviklinga av det økonomiske handlingsrommet i åra framover?

### 3.3 Samfunnstryggleik og beredskap

*Kommunane har eit generelt og grunnleggande ansvar for å ivareta tryggleiken til eigne innbyggjarar og andre som oppheld seg i kommunen. Alle uønska hendingar skjer i ein kommune, og kommunane har ei vesentleg rolle i alt beredskapsarbeid.*

#### **FM sine fokusområde**

Kommunane er blant berebjelkane i norsk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Kriser og katastroafar gir lokalsamfunnet utfordringar, og mange oppgåver er lagde til kommunane. Kommunane skal sikre god oversikt over risiko og sårbarheit, vere drivkraft for godt førebyggjande arbeid og ha nødvendig beredskap og handteringsevne. Under kriser og katastrofar skal kommunen iverksette tiltak for å verne innbyggjarane og oppretthalde viktige samfunnsfunksjonar. God kommunal beredskap er ein grunnleggande føresetnad for god nasjonal beredskap.

I 2013 er fylkesmannen særleg oppteken av at kommunane følgjer opp krava gitt i sivilbeskyttelseslova (2010) og forskrift om kommunal beredskapsplikt (2011). For kommunar som ikkje har utarbeidd heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med nye krav, bør dette arbeidet ha høgst prioritet.

#### **FM sitt bilde av kommunen:**

Fylkesmannen gjennomførte «tilsynsliknande» rettleiingsmøte med Molde kommune i 2009. Det vart skriva rapport etter møtet, og i samandraget vart det slått fast at:

#### **Hovudkonklusjon**

- Molde kommune er medviten om ansvaret sitt for samfunnstryggleik og beredskap. Kriseleiinga og verksemdene er medvitne om eiga rolle under krisehandtering.
- Kommunen har føremålstenlege beredskapsplanar (med potensial for betre samordning).
- Ansvaret for, og arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er ikkje forankra i kommuneplanen eller andre strategidokument.
- Kommunen manglar å jour sektorovergripande ROS-analyse. Det er mange eksempel på god bruk av ROS-analysar "nede i organisasjonen".
- Strategisk forankring, sektorovergripande ROS-analyse og samordna beredskapsplanverk er naturlege mål å strekkje seg etter.

#### **Mål for vidare arbeid**

Etter fylkesmannen si vurdering, bør Molde kommune prioritere desse punkta i det vidare arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap:

- Strategisk forankring bør innarbeidast i kommuneplanen sin samfunnsdel. Sektorovergripande ROS bør sjåast i samheng med denne prosessen og utarbeidast

slik at den kan ligge til grunn for kommunen sine framtidige prioriteringar innan samfunnstryggleik og beredskap.

- Risiko knytt til arealbruk bør kartfestast og koplast til kommuneplanen sin arealdel ved neste rullering.
- Beredskapsplanverket bør tilpassast digital plattform – anten kommunen sitt kvalitetssystem eller eige ”verktøy”.
- Kommunen bør finne ein måte å utnytte den gode, tverrfaglege beredskapskompetansen i arbeid med ROS, beredskapsplanverk og øvingar.
- Kommunen bør etablere eit heilskapleg møte- og øvingsopplegg, med årlege møte/øvingar, men ulikt format frå år til år.
- Kommunen bør raffinere rutinane som sikrar at det blir teke omsyn til risiko i reguleringsplan- og dispensasjonssaker, t.d. at det blir lagt inn eigne avsnitt i kommunen sine dokumentmalar.

Hovudtrekka i dette bildet står seg framleis.

Dei mest vesentlege og framleis aktuelle punkta frå rettleiingsmøtet i 2009 gjeld strategisk forankring og utarbeiding av heilskapleg<sup>1</sup> ROS-analyse. Etter det vi kjenner til er kommunen framleis ikkje i hamn med dette, men begge er inne tidleg i neste planstrategiperiode.

Vi trur også at kommunen framleis har noko å gå på når det gjeld å utnytte og få effekt frå eit (i lokal målestokk) stort, tverrfaglege beredskapsmiljø. Fylkesmannen trur for eksempel at Molde brann- og redningsvesen er ein suboptimalisert internressurs – ikkje minst med tanke på framtidig arbeid med ROS-analysar og tilrettelegging av øvingar for kommunen sin beredskapsorganisasjon.

#### **Dialogpunkt**

- Kor langt er kommunen komen, og korleis vurderer kommunen det attståande arbeidet med den heilskaplege ROS-analysen?
- Kva tenkjer kommunen om utnytting av det tverrfaglege beredskapsmiljøet i kommunen?
- Eit utviklingstrekk sidan 2009 er at bykommunane har fått ei tydelegare rolle som vertsskap og drivkraft for interkommunalt samarbeid – også innanfor samfunnstryggleik og beredskap. Både på Sunnmøre og på Nordmøre er det etablert beredskapsprosjekt med forankring i bykommunane og regionråda. Har Molde noko å gå på her?

### 3.4 Interkommunalt samarbeid

#### *FM sine fokusområde*

- Alle kommunane skal ha like føresetnader til å yte gode tenester til innbyggjarane gjennom kompetente og robuste fagmiljø og faste kommunesamarbeidsordningar som òg ivaretar lokaldemokratiet
- Fornyng og utvikling av tenestene med vekt på lokaldemokrati og kvalitet og effektivitet

#### *FM sitt bilde av kommunen:*

- NIVI har laga ein rapport om kommunestruktur og interkommunalt samarbeid i Romsdal. Rapporten viser at det pågår eit omfattande samarbeid i regionen.

#### *Dialogpunkt*

- Korleis ivaretar og forvaltar kommunen rolla si som regionscenter når det kjem til interkommunalt samarbeid?

### 3.5 Klagesaker etter plan- og bygningslova

#### *FM sine fokusområde*

Kvalitet i planlegging og byggesaksbehandling. Mange gamle reguleringsplaner gir kommunen små stringsmoglegheiter. Rettstryggleik både for utbyggjar og naboane må gjevast stort fokus.

Dette betyr både at sakshandsamingsreglane som sikrar offentleg medverknad i planprosessen vert følgd og at dei faglege vurderingar knytt til arealbruken er gjort på ein tilfredsstillande måte. I tillegg må arealplanar være eintydig og gi uttrykk for ein klar arealbruk som ålmenta kan innrette seg etter.

#### *FM sitt bilde av kommunen:*

Molde kommune har få byggeklare bustadtomter. FM ser det som viktig at kommunen utarbeider arealplaner som legg til rette for nok areal til bustader. Vidare ser vi at det kan

være utfordringar knytt til realisering av dei planane kommunen faktisk har for slik arealbruk (f.eks Kringstad).

Fylkesmannen sitt inntrykk er at Molde kommune har god kompetanse på behandling av byggesaker, og at kommunen har eit robust fagmiljø. Kommunen har solid kunnskap både om reglane i plan- og bygningslova og generell forvaltningsrett.

Kommunen er ein av dei beste på å synleggjere sine vurderingar etter dispensasjonsføresegna i § 19-2. Som ein av få peiker Molde kommune uttrykkeleg på dei omsyna som ligg bak den føresegna eller arealformålet det er søkt dispensasjon frå. Ein ser også at grunngjevinga ofte inneheld ei opplisting av fordelar og ulemper.

Fylkesmannen er godt nøgd med forma på oversendingsbrev av klagesakene.

#### ***Dialogpunkt***

Fylkesmannen har merka seg at Molde kommune har mange fortettingssaker, og at desse ofte er konfliktfylte. Det kan til dømes vere bygging av annleis utsjåande einebustad på feltets siste tomt, eller bygging av fleirmannsbustad i eit etablert einebustadområde. Kommunen kan her vere tent med å strekkje seg lengre enn minimumskrava i plan- og bygningslova. Å involvere naboar og andre interessehavarar på eit tidleg stadium av saka, og gjerne før prosjektet er ferdigteikna, kan vere konfliktførebyggjande.



## 3.6 Verjemål

*Verjemålsreforma er eit samleomgrep for dei rettslege og organisatoriske endringane som skal gjennomførast i samband med at den nye verjemålslova trer i kraft.*

*Verjemålsreforma inneber at oppgåvene som lokal verjemålsstyresmakt etter ny verjemålslov overførast til fylkesmannen frå 1.7.2013, medan dei kommunale overformynderia på dette tidspunktet blir lagt ned. Statens sivilrettsforvaltning skal vere sentral verjemålsstyresmakt. Dei vil vere klageorgan for fylkesmannen sine vedtak etter verjemålslova.*

### **FM sine fokusområde**

Sjå til at kommunen leverer alle aktive saker innan fristen 1. mars (datafangstprosjektet).

Opplæring i ny lov tilbys verjene i mai/juni. Opplæringa bør skje på bakgrunn av eit tett samarbeid mellom FM og overformynderia.

Kommunen er råka av verksemdsoverdraging for ein medarbeidar. FM er oppteken av at kommunen får levert rekneskapan for 01.01.13-30.06.13, og ser at verksemdsoverdraging kan medføre utfordringar her. Fm ser vidare det som viktig for vår oppgåveløysing av rolla som lokal verjemålsstyresmakt at også medarbeidaren frå kommunen får delta på opplæring både i fag og dataløysing våren 2013. Gjerne også verjeopplæringa.

### **FM sitt bilde av kommunen:**

#### **Datafangst**

FM er merksam på at datafangsten inneber monaleg meirarbeid for kommunen, og har i den samanheng tilbydd seg å kome og hjelpe kommunen. Kommunen har ikkje sett dette som naudsynt, og FM er trygg på at kommunen får levert datafangsten innan 1.mars.

#### **Økonomi**

Kommunen har teke opp spørsmål om finansiering av det meirarbeidet verjemålsreforma inneber for kommunen. Det er gjort eit uttrekk i rammeoverføringa til kommunane på verjemålsområdet i 2013. Sjølv om oppgåva som verjemålsstyresmakt berre gjeld fram til 1.juli, har kommunane likevel behalde meir enn halvparten av ramma på området i år (kr. 64,5 mill. av kr. 108 mill.). FM held seg til statsbudsjettet på dette punktet, men har likevel signalisert til kommunane at dei kan melde frå om særlege utgifter på dette området som eit innspel når fylkesmannen skal fordele ordinære skjønnsmidlar.

#### **Opplæring av verjer**

FM har etablert ei «ressursgruppe» der deltakarar frå fire overformynderi deltek, deriblant Molde. FM vurderer samarbeidet med kommunen som godt, og er trygg på at verjene i kommunen vil få eit godt opplæringstilbod.

### ***Personal***

Kommunen har tidlegare signalisert eit behov for ein fleksibel overgang av medarbeidaren som skal følgje med oppgåve til FM, da det bli vanskeleg for kommunen å få levert rekneskapen for 01.01.13-30.06.13 dersom medarbeidaren går over til FM 100% 1.juli.

FM har signalisert at vi er open for ei fleksibel overgangsløysing, og ser det som ei styrke for fylkesmannen om medarbeidaren vert involvert i fylkesmannen sitt arbeid med å førebu reforma i vår.

FM er godt nøgd med at det er oppnådd semja om korleis verksemdsoverdraginga skal skje, og er trygg på at dette vil skje på ein måte som er god både for den medarbeidaren det gjeld, kommunen og fylkesmannen.

### ***Dialogpunkt***

- Økonomiske utfordringar kommunen har som følgje av meirarbeid med å forberede reforma.
- Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak:
- Vidare tett og god dialog mellom overformynderiet og fylkesmannen for å få til ein smidig overgang av verjemålsoppgåva.

## **3.7 Kort oppsummering av fagområde med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak:**

## Vedlegg

Nokre aktuelle lenker til:

### **Statistikk**

- Kommunestatistikk Møre og Romsdal  
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Kommunestatistikk>
- Fylkesstatistikk Møre og Romsdal  
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Fylkesstatistikk>
- Folkehelsestatistikk Møre og Romsdal  
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Folkehelsestatistikk>
- SSB/KOSTRA <http://www.ssb.no/kostra/>

### **Tabellar/figurar/kart**

- Møre og Romsdal fylkeskommune/Plan og analyse/Kart og fagdata  
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Kart-og-fagdata>

### **Planar/dokument m.m.**

- Regional planstrategi 2012 – 2016 Møre og Romsdal  
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regional-planstrategi>
- Riss <http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/RISS>
- Temp <http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Konjunkturbarometeret-Temp>

### **Tilsynskalender**

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal;** <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/>